



Meland kommune

Dato: 10.04.2015
Vår ref.: 2014/673-139
Saksbehandlar: inggase
Dykkar ref.:

Kulturminneplan for Meland kommune 2016-2021 - Planprogram på høyring - kulturminnefagleg fråsegn.

Vi viser til e-post mottatt 25.02.2015 med melding om høyring av planprogram for kulturminneplan for Meland kommune. Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå regionale interesser som regional kulturminnestyresmakt.

Hordaland fylkeskommune synes det er særslig positivt at ein startar opp arbeidet med kulturminneplan. Meland kommune er ein av presskommunane i fylket med svært høg folkevekst. Ein kulturminneplan vil kunne være eit viktig verktøy for å sikre at det blir tatt betre omsyn til kulturminneverdiane i samfunns- og arealplanlegginga i kommunen. Vi vil difor presisere at kulturminneplanen bør innarbeidast i kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel med generelle føresegner, føremål, omsynssoner med føresegn og retningslinjer. Planen vil og kunne gjøre rutinar knytt til sakshandsaming og forvalting innan kulturminnefeltet meir føreseieleg og enklare. Eit hovudmål med arbeidet bør vere at tap av kulturminne skal reduserast samtidig som dei må sjåast som ein innsatsfaktor i lokal samfunnsutvikling. Det lokale eigarskapet til kulturminneplanen vil difor vere eit viktig reiskap for å få til dette.

I 2013 vedtok fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune at alle kommunar i Hordaland bør ha kommunedelplanar for kulturminne. Det vart difor starta opp eit eige prosjekt; *Kulturminnekompotanse i kommunane 2013-2016, KIK-prosjektet*, som skal følgje opp kulturminneplanarbeidet i kommunane. Meland kommune vil som deltar i prosjektet få fagleg rådgjeving frå fylkeskommunen til planarbeidet. Det er laga ei nettside for KIK-prosjektet som inneholder nyttig informasjon og nyhende, <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Kulturminneplan/>.

Vi minner elles om Fylkeskonservatoren sine nettsider, som mellom anna inneholder nyttig informasjon om kulturminneforvalting, tilskotsordningar, bygningsvern, faglitteratur med meir, <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Kulturminnevern-og-museum/Kulturminnevern-og-museum/>

Innspel til sjølve planprogrammet

- Under pkt. 3. *mål og arbeidsopplegg* bør hovudmålet med arbeidet vere at tap av kulturminne skal reduserast samtidig som dei må sjåast som ein innsatsfaktor i lokal

samfunnsutvikling. Det lokale eigarskapet til kulturminneplanen vil vere eit viktig reiskap for å få til dette. Dialog og samtalemøte med innbyggjarane og frivillige om om kulturminne, kan vere ein god start til å få til dette. Ein bør òg prioritere val av kulturminne og kulturmiljø ut i frå kva som er det særeigne knytt til kommunen si utvikling og historie. Ein kan mellom anna gå inn og sjå på forslag til tema og prioriterte kulturminne på KIK-prosjektet sine nettsider nemnd ovanfor.

- Under pkt. 4.4 *Kommunale planar* vil vi som nemnd ovanfor berre minne om at det er særsviktig at planen vert innarbeidd i kommuneplanen sin arealdel med generelle føresegner jf. pbl § 11-9, arealføremål jf. pbl § 11-7, omsynssoner med retningsliner og føresegn jf. pbl 11-8.
- Under pkt 4.5 *Andre kjelder* minner vi om at Askeladden, Riksantikvarens offisielle database over freda kulturminne og kulturmiljø i Noreg, må førast opp på lista. Faglege rapportar knytt til arkeologi og nyare tids kulturminne, som er lagt ut på Fylkeskonservator sine nettsider, kan og vere aktuelle som kjeldemateriale.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune er særsv positive til at Meland kommune har starta opp arbeidet med kulturminneplan, då dette er i tråd med målsettinga om at alle kommunane i fylket skal ha vedtatt ein kulturminneplan innan utgangen av 2016. Meland kommune vil som deltar i det fylkeskommunale prosjektet *Kulturminnekompesanse i kommunane 2013-2016, KIK-prosjektet*, få fagleg oppfølging i det vidare planarbeidet. Vi ser fram til samarbeidet.

Tore Bjørgo
konst. fylkeskonservator

Inger Lena Gåsemyr
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Fylkesmannen i Hordaland